



Arkivnr: 2014/24253-58

Saksbehandlar: Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

## Søknad om støtte til å sikre friluftslivsområder etter vindfall

### Samandrag

Bergen og Omland Friluftsråd (BØF) skal sikre områda som var utsett for rotvelt etter stormen Nina i januar 2015. Dette er ein ekstraordinær situasjon. Friluftsrådet søker i brev av 13. mars 2015 om støtte til å rydde vekk trær. I første omgang er det 30 områder i fem kommunar som skal ryddast. Det er trong for ekstra mannskap og eigna utstyr for å gjer denne jobben, som er viktig for å sikre bruken av områda til sommarsesongen.

Samla kostnad ved å rydde områda er estimert til kr. 400 000,-. Bergen og Omland Friluftsråd søker om kr. 150 000,- for å sikre områda etter stormen i januar.

### Forslag til innstilling

Det vert løyvd kr. 150 000,- til Bergen og Omland Friluftsråd til sikring av friluftsområder etter stormen i januar 2015.

Budsjettet vert endra slik: Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150 000. Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150 000.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### **Fylkesrådmannen, 21.05.2015**

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) skal sikre områda som var utsett for rotvelt etter stormen Nina i januar 2015. Dette er ein ekstraordinær situasjon. Friluftsrådet søker i brev av 13. mars 2015 om støtte til å rydde vekk trær. BOF er i gang med å sikre områda, men arbeidet er omfattande og arbeidskrevende. Det er framleis ikkje full oversikt over situasjonen.

I første omgang er det 30 områder i fem kommunar som skal ryddast. Det er trong for ekstra mannskap og eigna utstyr for å gjer denne jobben, som er viktig for å sikre bruken av områda til sommarsesongen. Hovuddelen er statleg sikra friluftslivsområder. Dei områda som er mest berørt er Oksabåsen, Ervikane og Vetlaneset i Os kommune, Io i Meland, Arvikane i Austrheim, Kvarven, Tennebekktjern og Grønskjeret i Bergen, og Geitvika i Fjell kommune.

Alle desse områda er viktige for kommunane å klargjere til sommarsesongen, då desse er mykje nytta både av innbyggjarane lokalt, men også for dei som besøker kommunane. Lågterskel friluftsliv er eit satsingsområde både regionalt og nasjonalt, og ivaretaking av friluftsområda er viktig for å gje det gode tilbode til brukarane.

Samla kostnad ved å rydde områda er estimert til kr. 400 000,-. Bergen og Omland Friluftsråd søker om kr. 150 000,- for å sikre områda etter stormen i januar.